



ProPlan as  
Kongens gate 31  
0153 OSLO

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2364 - 16/21403

Saksbehandlar:  
Merethe Tvedt  
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:  
02.12.2016

## GBNR 22/256- Godkjenning- Søknad om løyve til tiltak, oppføring av næringsbygg/lagerhall, Mjåtveit Næringspark

**Administrativt vedtak. Saknr: 371/2016**

**Tiltakshavar:** Rasmussen Dekksenter AS v/Christian Rasmussen  
**Ansvarleg søker:** Projekt Planung AS (Pro Plan)  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-3, jf 20-1.

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak:

Saka gjeld søknad om oppføring av lagerbygning/næringsbygg/dekkhotell på gbnr 22/256.

Gbnr 22/256 er matrikkelført som bergverk/industri. Eigedommen har eit samla areal på 1504,1 m<sup>2</sup>. Bygningen er opplyst med bebygd areal (BYA) på 318 m<sup>2</sup> og bruksareal (BRA) på 548 m<sup>2</sup>. Utnyttingsgrad for tiltaket er opplyst til 24,9 m<sup>2</sup> BYA.

Det er ved frådelling av eigedommen er det gitt dispensasjon frå reguleringsplanen frå regulert køyreveg, fortau og byggjegrøse, jf. DNT-sak 107/2016.

Det vert vist til søknad m/vedlegg journalført motteke 21.9.2016 og tilleggskommunikasjon motteke 4.11, 10.11, 28.11, og 2.12.2016.

Det sendt inn kopi av samtykke gitt på vilkår frå Arbeidstilsynet, datert 3.11.2016.

### VURDERING:

**Postadresse**  
postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**  
www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

#### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla, det er ikkje motteke merknader. Administrasjonen vurderer at varslinga som tilstrekkeleg, jf. Pbl § 21-3 første og andre ledd.

#### Lov- og plangrunnlag:

Omsøkt del av gbnr 22/256 er omfatta av reguleringsplan for næringsområde Mjåtveit – Dalstø, planid: 125620120001, og er regulert til næring/industri/lager (område N/IND/L01).

Det er gitt dispensasjon frå reguleringsplanen frå regulert køyreveg, fortau og byggjegrænse satt i plankartet jf. DNT- sak 107/2016. Administrasjonen finn at omsøkt lagerbygg/dekkhotell er i samsvar med dispensasjon og vidare med reguleringsplanen elles.

#### Plassering av tiltaket:

Tiltaket er i samsvar med avstandskrava i pbl § 29-4 andre ledd, og kan godkjennast plassert som vist i situasjonskart journalført motteke 2.12.2016.

#### Planløyving, høgd og utsjånad:

Tiltaket skal oppførast i samsvar med vedlagte plan- og snitteikningar journalført motteke 28.11.2016 og i samsvar med fasadeteikningar journalført 28.11.2016.

#### Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan datert 25.11.2016. Ansvarlege i byggesaker innestår for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf pbl § 23 - 1. Ansvarleg søker skal samordne dei ansvarlege prosjekterende, utførande og kontrollerende, og sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf pbl § 23-4, andre ledd.

#### VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av pbl §§ 20-1 bokstav a) og 20-3, løyve til oppføring av lagerbygning/dekkhotell med 318 m<sup>2</sup> BYA og 548 m<sup>2</sup> BRA som omsøkt på gbnr 22/256 i Meland kommune, jf. søknad journalført 21.9.2016 og 28.11.2016. Grunngevinga går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Plassering og utføring av tiltaket skal vera som vist på situasjonskart, plan- og snitteikningar journalført motteke 2.12.2016 og fasadeteikningar journalført motteke 28.11.2016.

Dei opplysningar om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyve vekk. Det same gjeld dersom tiltaket *vert innstilt i meir enn to år, jf. pbl § 21-9*. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga eller gjennom tidlegare godkjenning».

\*\*\*\*\*

Saka er avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl) og kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vertkravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt  
byggjesakskonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Beskrivelse av tiltak

Mjåtveit Næringspark, GBNR 22/256. Søknad om tillatelse til tiltak, nybygg av en lagerhall - komplettering av søknaden\_

Fasade A og C, og snitt hall Rev. C

Fasader B og D hall Rev. B

Plantegning hall Rev. D

Vedleg A-1, Opplysninger om tiltakets ytre rammer og bygningsspesifikasjon - revidert

Søknad om løyve til tiltak GBNR 22/256

Følgeskriv

Vedtak om samtykke på vilkår og gebyr

Situasjonsplan revidert

Godkjenning - GBNR 22218 (del av) - Mjåtveit næringspark - Dispensasjon frå reguleringsplan og løyve til frådelling av parsell (L)(122940)

**Kopi til:**

RASMUSSEN DEKKSENTER AS  
v/Christian Rasmussen

Moldekleiv 35 5918

FREKHAUG

**Mottakere:**  
ProPlan as

Kongens gate 31 0153

OSLO